




# Hafellåret 2021



**Informasjon om gjerde og gjerdehald**



**Landbrukskontoret for Sel og Vågå  
Edvard Storms veg 2  
2680 VÅGÅ  
[postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no)**

**Tlf. 61 29 36 00**

Uttrykket ”hafelle” og ”hafelling” kjem frå norrønt ”hagfella”, og er framleis brukt i Nord- Gudbrandsdal og Nord-Østerdal for gjerde, særlig av felte trær og busker.



## DÅRLEGE OG NEDFALNE GJERDE

Det er mange meter med därlege gjerde i inn- og utmark. Fleire stader har gjerdet ikkje lenger nokon funksjon og står til nedfalls. Dette fører til at både ville dyr og husdyr set seg fast og dør eller får store skadar. Vi har døme på at dyr står fast og svelt/tørstar i hel eller får store skader med påfølgjande lidingar og død.

For å redusere talet på skadar må det gjerast ein jobb for å fjerne gjerde som ikkje lenger har funksjon og sette i stand gjerder som skal stå. Piggtråd kan med fordel bli erstatta med toppbord.

# **SMIL-TILSKOT TIL FJERNING GJERDE**

Det er innført eit tilskott gjennom ordninga **Spesielle Miljøtiltak I Landbruket (SMIL)** i Vågå (**Ikkje i Sel**) der det blir gjeve eit tilskott på kr. 10 pr meter fjerna gjerde/piggtråd. Det kan bli løyvd tilskott til:

## **Gjerde som er viktig for gardsdrifta:**

- Fjerne piggtråd og erstatte piggtråd med liggjande bord. Stramme opp gjerde
- Gjerde til nedfalls i utmark og gjerde mellom innmark/utmark
  - Fjerne gjerde og stolper

**Tilskot:** 10 kr pr. meter

- **Vilkår:** Trådgjerde og piggtråd skal leverast til godkjent mottak
- **Søker:** Grunneigar, lag og foreiningar.
- **Søknad:** Elektronisk søknad via AGROS. Det må merkast på kart og målast opp tal meter. Det bør leggjast fram bilete
- **Dokumentasjon:** Bilete og kvittering frå godkjent mottak

**Avgrensing:** Prosjektet gjeld for 2021 og 2022. Det blir sett av ei ramme av SMIL-midlar på kr 75.000 i Vågå for 2021.

- *Tiltaket må gjennomførast på ein landbrukseigedom, og det må gå føre seg ein tilskotsberettiga jordbruksproduksjon på eigedomen.*
- Du må ha skriftleg løyve frå grunneigar og ev. andre berørte viss du ikkje sjølv eig grunn.
- Tiltaket kan være enkeltståande eller eit større fellestiltak som berører fleire aktørar og/eller eigedomar.

Viss søknaden gjeld fellestiltak med fleire aktørar, skal ein deltarar stå som ansvarleg søker og sende søknaden på vegne av alle deltararar, basert på skriftleg fullmakt.



Bilete som syner døme på ulovleg gjerde.

---

## DYREVELFERDSLOVEN § 15

Krav til standard på gjerde er regulert i  
**Lov om dyrevelferd, § 15.**

*Bygninger, gjerder og andre mindre innretninger*

*Bygninger, gjerder og andre mindre innretninger skal utføres  
eller oppføres og holdes ved like slik at dyr ikke utsettes for  
fare for unødige påkjenninger og belastninger. Det skal ikke  
brukes piggtråd i gjerde for å regulere dyrs ferdsel.*

*Den som er ansvarlig for bygningen, gjerdet og innretningen,  
skal føre nødvendig tilsyn med disse og gjennomføre  
nødvendige tiltak for å kunne oppdage, forebygge og avhjelpe  
fare for unødige påkjenninger og belastninger.*

Det er Mattilsynet som er delegert myndighet til å følge opp brot på denne paragrafen.

Ansvaret for å sørge for at gjerdet er i orden ligg til den som eig grunn eller har rett på å nytte grunn, dvs. setereigar, den som disponerer dyrkingsparsell eller den som står som eigar av grunn.

Mattilsynet har ikkje kapasitet til å følgje opp/kontrollere alle gjerde i Norge. Det må til eit omfattande arbeid med vedlikehald og fjerning av gjerde for at standarden skal bli tilfredsstillande. Mange er ikkje klar over kor dei forfalne gjerda står.

Over lang tid har det vorte færre husdyrbrukarar og færre som deler arbeidet med vedlikehald av gjerde. Fleire stader har ein funne andre løysingar og sett opp sperregjerde over eit større område som ei felles investering. Likevel ligg det mange stader att gamle gjerde i utmark og i overgangen mellom inn- og utmark.

Mange därlege og nedfalne gjerder har ingen funksjon lenger og bør/må bli fjerna. Andre gjerde må bli sett i stand, eller det må bli sett opp nytt gjerde, anten av grunneigaren eller i fellesskap.



## **BEITING I KULTURLANDSKAPET**

Husdyra våre gjer ein stor innsats for å halde kulturlandskapet ope og tilgjengeleg for oss alle. I tillegg haustar dei gras og produserer på denne måten mat av ein naturressurs som elles ville ligge ubrukt. Utmarksbeiting er ein tradisjon som har djupe røter i den norske kulturen og måten vi nyttar vårt elles utilgjengelege fjell- og kystlandskap på. Denne kulturarven er det verdt å ta vare på! Difor treng vi gode gjerde som styrer beitedyra utan å utsette dei for farar.

Har du sett eit därleg gjerde i seinare tid og tenkt at dette er stygt og


kan vera ei felle for folk og fe? Da har du aldeles rett. Det finst mange triste døme på at dyr har blitt påført store lidingar på grunn av gjerde som ikkje er halde ved like. I enkelte område har dette vorte eit stort problem. Beitelaga, landbruksforvaltninga, fjellstyra og Mattilsynet ynskjer no å gjera noko med dette. Men vi treng di hjelp! Ta kontakt med oss dersom du har, eller veit om, gjerde som treng tiltak. **Bruk gjerne framgangsmåten under!**

---

## RAPPORTERINGSRUTINE FOR DÅRLEGE GJERDE

Landbrukskontoret har ei løysing på korleis vi på relativt enkelt vis kan lokalisere/kartfeste gjerde vi kjem over når vi er ute i inn- og utmark:

- Last ned appen til Norgeskart friluftsliv eller Norgeskart (ev. andre kartløysingar) på Appstore eller Play Butikk.
- 



*Slik ser appene ut  
på Play Butikk*



Sentrer kartet!

Sentrert Norgeskart friluftsliv gir koordinatar og syner punktet der du står plassert med telefonen

*Her står vi (sitter på landbrukskontoret)*

*Døme på utsnitt av sentrert Norgeskart friluftsliv*

- Ta skjermdump og del ho og eit bilet til landbrukskontoret v/[postmottak@vaga.kommune.no](mailto:postmottak@vaga.kommune.no) – skriv gjerne med ein kommentar.
- Vi sjekkar opp og tek kontakt med brukar/grunneigar/fjellstyret

*Framgangsmåte for å ta skjermdump på din telefon finn du ved å google "skjermdump" og "type telefon", t.d. skjermdump Samsung Galaxy S8.*

Vi vil oppmode dykk som driv med jakt, fiske og anna friluftsliv til å melde frå om därlege gjerde og sende kartutsnitt og bilet når de er ute og ferdast i skog og mark.



~~Landbrukskontoret for Sel og Vågå  
Edvard Stormsveg 2  
2680 VÅGÅ~~

**Tilsette på kontoret:**

Per-Ivar Weydahl, tlf 61 29 36 71/920 41 410,  
e-post: [piw@vaga.kommune.no](mailto:piw@vaga.kommune.no)

Kjersti Reksen, tlf. 61 29 36 77/909 40 529,  
e-post: [kjersti.reksen@vaga.kommune.no](mailto:kjersti.reksen@vaga.kommune.no)

Bjørn Tore Karlstad, tlf. 61 29 36 73/957 96 218,  
e-post: [bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no](mailto:bjorn-tore.karlstad@vaga.kommune.no)

Torje Bjørke, tlf. 61 29 36 78 /416 74 644  
e-post: [torje.bjorke@vaga.kommune.no](mailto:torje.bjorke@vaga.kommune.no)

Per Ekre, tlf. 61 29 36 74/958 26 661,  
e-post: [per.ekre@vaga.kommune.no](mailto:per.ekre@vaga.kommune.no)

Ola Løkken (Mjøsen), tlf. 971 94 015, e-post: [ol@mjosen.no](mailto:ol@mjosen.no)

**Landbruksvikarar, tingast på 61 29 36 03/61 29 36 00:**  
Ola Lusæter og Ivar Ulsand